

**CHILI.**<sup>®</sup>  
WWW.CHILIGROUP.NO

# HÅLØYGMINNE

Skriftstyrar: Vidkunn Eidnes

UTGJEVE AV HÅLOGALAND HISTORIELAG

Hefte 2 – 2017

98. årg.

25. bind

## Stor-akkaren i Toppsundet

Av Ola M. Heide

I denne artikkelen skal eg skrive litt generelt om akkar og akkarfangst slik eg minnest det frå min oppvekst på Grytøya, og om to dramatiske møte med kjempeblekksprut som vi kjenner til frå Toppsundet i Sør-Troms i førre hundreåret. Blekksprutane er ei gruppe av såkalla molluskar eller blautdyr som ein meiner er i nær slekt med muslingar og sniglar. Ein reknar at det finst ca. 800 ulike artar av blekksprut. Dei har ei lang historie på jorda og finns mellom anna i store mengder som fossilar frå jordas oldtid (Silur-perioden) for omlag 4-500 millionar år sia. Alle blekksprutar lever i havet og er rovdyr som lever av fisk, krepsdyr og andre blekksprutar. Dei er særkjønna med særskilte ho- og hanndyr. Namnet blekksprut kjem av at dei har ein blekksekk inne i kroppen med eit svartbrunt sekret som dei kan tømme når dei vert truga, slik at dei kan skjula seg i den mørke blekkskya som då vert danna i vatnet. Blekksprutane har stor hjerne og godt utvikla sanseorgan og er rekna for å vera intelligente dyr. Det er såleis observert at dei kan læra seg å bruka reiskap, og i fangenskap har dei mellom anna kunna læra seg å opna ølflasker og syltetøyglas. Dei har ein todelt fasong, med ein pungforma eller torpedoliknande kropp og eit hovud med store auga og åtte eller ti fangarmar. Munnopninga som sit framme på hovudet der fangarmane møtes, har to nebbliknande hornkjevar med eit kraftig bitt. Dessutan har dei til liks med sniglane ei grov raspetunge som hjelper til med oppdeling av føda.

Av dei ti-arma blekksprutane er det akkaren (*Todarodus sagittatus*) som er best kjent i våre farvatn der fiskarane i lange tider har fiska han til agn og dyrefor. Han har ein torpedoliknande kropp som er omgjeven av ei muskelkappe. Kroppen er klart avgrensa frå hovudet der munnopninga og fangarmane sit (Fig. 1). Til denne gruppa høyrer og kjempeblekkspruten (*Architeuthis dux*) som er ei verkeleg kjempe med total lengde på opp mot




Fig. 1. Teikning av ein akkar. Legg merke til den pilforma bakenden som har gitt opphav til namnet.

20 m og kroppsvekt på fleire hundre kilo (sjå Fig. 2). Han er såleis det største virvellause dyret som er kjent. Kjempeblekkspruten har den same todelte og torpedolignande fasongen som akkaren, og er med andre ord ein rettelege stor-akkar eller ei akkar-størje, kan ein seie. Han lever på store havdjup i alle verdshav. Ein har derfor kjent relativt lite til biologien til desse kjempene som lenge var omspunne av mykje mystikk og fablar. I seinare år har ein etter kvart fått meir kunnskap om desse dyra, og ein har mellom anna kunna fotografera og studera dei frå mini-ubåtar på store djup. Kjempeblekkspruten er og kjent langs Norskekysten der det fleire stader er funne daude individ som har drive i land. Ein kjenner til ca. 20 slike funn her til lands etter 1871 då det første registrerte funnet vart gjort. I Hemne i Sør-Trøndelag vart det i 1896 funne to slike stranda kadaver, det største eksemplaret med total lengd på 12 meter. Desse finst bevart på Vitenskapsmuseet i Trondheim der dei i alt har seks slike kjemper liggande lagra på sprit i store tankar. Kjempeblekkspruten har av og til også dukka opp her nord. På Tromsø Museum har dei såleis to store eksemplar liggande i ein tank. Desse er truleg funne i Nord-Noreg, men museet opplyser at dei dessverre ikkje kjenner funnstad eller forhistoria til desse.

#### Akkar og akkarfiske

Akkaren har, som andre ti-arma blekksprutar, to lange og åtte kortare fangarmar eller klør som vi seier. Han er utbreidd i den austlege Nord-Atlanten, oftast på djupt vatn heilt ned til 4000 m. Han har ein torpedolignande kropp som kan bli opp mot 60 cm lang. Den største akkaren som ein kjenner til er fanga i norske farvatn, vog heile 5,3 kg. På bakparten




Fig 2. Kjempeblekksprute som dreiv i land ved Ranheim utanfor Trondheim i oktober 1954. Biletet viser professorane Erling Sivertsen og Svein Haftorn i gang med oppmåling av dyret. Legg merke til likskapen med akkaren. Foto: NTNU Vitenskapsmuseet som velviljug har lånt ut biletet.

av kroppen har akkaren to store sidefinnar som tener som stabilisatorar og framdriftsorgan. Dei smalnar av i ein spiss bakover, slik at bakenden får form av ein pilespiss. Derav namnet akkar som kjem av *akka*, eit gamalnorsk ord for pil. Akkaren lever i store stimar, og tidlegare var det vanleg med store innsig langs kysten av Nord-Noreg, særleg i djupe fjordar der det og er vanleg med innsig av sild som akkaren går etter. Såleis var til dømes Tysfjorden ein kjent akkarfjord. Vi har og fjordar og bukter her nord som har fått namn etter denne skapningen. Akkaren lever berre drygt eit år, slik at heile livsløpet frå egg til fullt utvikla individ skjer på berre ein sesong. Det var derfor om hausten og vinteren at innsiget og fangsten av akkaren fann stad. Innsiget har til alle tider vore uregelmessig med store variasjonar frå år til år, og etter 1980-talet har det berre sporadisk vore registrert akkar langs kysten vår. Det kan elles nemnast at ein meiner at akkaren gyt i djuphavet vest om Irland, der ein har funne både nyklekt yngel og små-akkar.

Som nemnt, har akkaren tradisjonelt vore fiska til agn og dyrefor her nord, men i nyare tid vert han mest fiska til mat, særleg til eksport. Han blir nå rekna som fin og spennande mat. Alle delar av akkaren vart brukte til agn i gamal tid. Klørne vart skorne i bitar og brukt ferske, medan muskelkappa, eller *bellingen*, som omgir kroppen, vart splitta opp og hengt til tork for seinare bruk. Tørkinga gjekk føre seg innahyses, slik at i min barndom var det vanleg i akkar-år at det hang akkar-belling til tork i alle tørkesjår og sommarfjøs omkring på gardane. Den tørka bellingen måtte så bløytast att i eit par døgn før han kunne skjerast opp i avlange bitar til agn. Det var godt agn som hang godt på onglane og var lite utset for å 'vatnast av'. Akkaren har ei stor brunfarga lever som og vart brukt til agn og gjekk under namn av *akkargorr*. Det er framifrå agn for hyse og torsk, men på grunn av konsistensen, heng det heller dårleg på onglane. Ein meiner det er lukta av akkargorret som gjer det til slikt eit framifrå fiskeleg agn. Gorret vart til vanleg salta i kvarter eller åttingar som fiskarane hadde med seg på Lofotfiske. Heil småakkar vart elles rekna som framifrå kveiteagn til gangvad.

Når det var innsig av akkar, kunne det slumpe at ein fekk akkar på juksa eller på sei-garn når ein fiska etter sei på djupt vatn. Men det var to slag reiskap som vart brukt spesielt til akkarfiske som alltid gjekk føre seg på djupt vatn. Det var *akkardregg* (også kalla akkarvad) og *akkarkrok*. Akkardreggen var ein ca. 35 cm lang og 1,5 cm tjukk jernbolt som var utstyrt med to kransar av kvasse krokar utan mothakar som var surra fast til bolten med sterk bekatråd (Fig. 3). I øvre enden av bolten var det så ei metall-lykkje til å festa snøret i, slik at ein kunne fiska med han mest som med ein stor pilk. Akkarkroken var laga etter same prinsippet, men her var krokane surra fast på ein meter-lang stav av bambus eller anna sterkt trevirke. Denne vart brukt til å krøka akkaren med når han om kvelden og




Fig. 3. Velbrukt akkardregg frå Vaskinn på Grytøya. Foto: Trond Vaskinn.

natta kunne komma heilt opp mot overflata. Til dette bruket var det elles vanleg å bruka lys (å lystra) for å få akkaren opp til overflata. I tillegg brukte ein å lokka til seg akkaren ved å skimla med ei kvit strimle av lerret eller anna kvitt materiale som hang i ei snor som var festa til ei kort stong. Når ein stod slik å skimla med stonga i eine handa og kroken i den andre, køyrde ein akkarkroken snøgt ned i havet der ein såg noko rørte seg, og heiv så akkaren rett opp i båten med eit rykk. Akkaren har ei heilt utruleg manøvreringsevne og kan symje like fort attover som framover ved hjelp av eit slags jet-prinsipp. Når rommet inne i bellingen er fylt med vatn, kan vatnet med stor kraft pressast ut gjennom ein muskelopning som sit framme på hovudet, slik at akkaren snøgt skyt i veg attover. Retninga kan han styra ved å justera retninga på utblåsingstuten. Dessutan bruker akkaren også klørne til manøvrering og framdrift. Ein laut derfor vera brennsnøgg om ein skulle lukkast med å krøka akkaren.

Men når det var mykje akkar, kunne ein mest berre stå å krøka og hiva opp akkar så snøgt ein berre vann. Det hende og at fleire individ kunne suga seg fast i kvarandre med sugeskålene, slik at ein kunne få både to og fleire i same krøket. Eg minnest såleis ein storskrønar som la ut om at «han krøkte i berre ein gong, og kunne så draga inn akkar til båten var så lasta at han til slutt måtte skjera av på ripa». Gamlekarane fortalde og at det hendte akkaren kunne 'legga seg på båten', det vil seia at han saug seg fast til båten og tyngde han ned. Dei fortalde særleg om eit år med storinnsig av akkar i Andfjorden då det ei natt var fleire båtar som var ute for dette der dei låg og krøkte akkar utanfor Elgsnes. Det måtte stå ein mann på kvar side i båten med tollekniven og skjera klør for å halda akkaren unna, vart det sagt. Eg hørde sjølv at fiskarane fortalde om dette, men kan ikkje innestå for sanninga. Men det var truverdige folk som fortalde om det, så sjølv om ein nok lyt rekna med at dei overdreiv ein del, meiner eg at ein kan festa lit til hovudsaka i desse historiene.

Elles var akkarfisket eit skikkeleg grisearbeid på grunn av akkarspruten. Særleg ille var det når ein krøkte akkar. Ettersom akkaren då ikkje hadde vore utfordra på førehand, hadde han full blekksekk som han tømte i ein storsprut idet ein krøkte i han. Når ein fiska med akkardregg, hadde akkaren derimot tømt seg for det meste av blekket før ein fekk han opp, men likevel var det nok igjen til ein mindre sprut når ein skulle taka han inn i båten. Under fisket måtte ein kle seg i oljehyre og sydvest til og med i godvêr, og både fiskar og båt og reiskap måtte spylast og vaskast grundig når ein kom på land. Ikkje rart at det på folkemunne vart sagt at «her ser det ut som etter akkarsprut» når eitkvart var retteleg tilgrisa.

### Møte med kjempeblekksprut

Vi kjenner til to dramatiske møte med kjempeblekksprut i Toppsundet i Sør-Troms. Den første og mest dramatiske konfrontasjonen fann stad i året 1910. Den kjente skolemannen, postopnaren og dampskipsekspediteren Peder Aronsen Lunde (1852-1941) på Lundenes dreiv denne sommaren og bygde seg ny brygge i Lundenesvika. Til dette arbeidet hadde han leigd inn gardbrukar og vegvaktar Johan Pedersen/Persa, (1860-1940) frå Forr på Grytøya til å stå for murar-arbeidet, og den kjente tømmermannen Hagen Jensen (1869-1938) frå Kila til snekkararbeidet. Så var det ei helg at han Hagen skulle heim og sjå til folket sitt i Kila. Han leigde seg då båt hos arbeidskameraten Johan Persa og rodde over Toppsundet frå Forrsaunan til Vika på Hinnøysida, og gjekk så derifrå heim til Kila. Då han i skumringa om søndagskvelden rodde attende over Toppsundet og var komen godt over medsunds, vart han var at eit utyske av noko slag følgde etter båten. Uhyret hengte seg på båten og bremsa opp framdrifta i roinga. Det var så nærgåande og skremmeleg at mannen skjønnte at her måtte noka alvorleg gjerast for å bli kvitt utysket. Han tok då ein av ballaststeinane, som låg i båten, og kylte nedi morelden attom båten der han såg at noko rørte seg. Men då han heiv seg i roinga att, kjende han at uhyret framleis hang på. Han tok då resten av ballaststeinane og lyra dei av all makt rett i gapet på beistet (sjå Fig. 4). Heiv seg så i årane att og sprengrodde til lands.

Han Hagen Jensen må ha vore treffsikker og råka godt med ballaststeinane, for neste dag rak det i land eit stort uhyre av ein kjempeblekksprut i støa hos han Johan Persa. Dette tyder på at utysket må følgt etter båten heilt til lands, men ha vore så mykje skadd av bataljen med han Hagen at det har stroke med heilt oppunder marbakken og så hamna oppi støa. Det var ein skikkeleg storakkar. I beretningar som eg høyrde frå folk i nabolaget i min ungdom, vart det sagt at dei lengste fangarmane var 9 meter lange. Ut frå dei vanleg proporsjonane mellom fangarmarmane og kroppen på slike dyr, var den totale lengda på dyret i så fall over 13 meter. Altså eit av dei aller største eksemplar av arten som er funne her til lands. Far min, som



Fig. 4. Illustrasjon av bataljen mellom Hagen Jensen og stor-akkaren i Toppsundet. Teikning av Leidulf Olsrud som velviljug har lånt ut teikninga.

til liks med mange andre var og såg på uhyret, sa at auga var på storleik med tallerkar og dei største sugeskålene på klørne som små kaffikoppar. Beistet hadde heile 70 liter med lever (akkargorr), vart det sagt. Det ville ha vore bortimot nok agn til ein Lofotsesong for eit heilt båtlag. På den tida var det elles vanleg å bruka fiskavfall, daudtang og alt anna organisk avfall frå fjæra til gjødsel på åkrane. Så han Johan Persa, som var ein nytten mann, hogg derfor opp udyret og kørte det opp og pløgde det ned på eit lite nybrottsfelt han hadde oppe på øvermarka. Beistet var så stort at han Johan Persa, som just ikkje var kjent for å spare hesten, knapt nok greidde å få med alt i to lass i bikkvogna. Det høyrer og med til historia at då han Einar Aspevoll (1919- 1997) over 60 år seinare pløgde med traktorpløg på same staden, fann han restar av sugeskålene i plogfora. Det var bokstaveleg talt dei siste jordiske leivningane av storakkaren. Litt synd, forresten, at dyret skulle enda som gjødsel, sidan det var heilt ferskt og fint og derfor ville ha eigna seg særst godt til preparering, medan andre kadaver som har stranda langs kysten, hadde lege daude i sjøen så lenge at dei delvis hadde gått i oppløysing før dei vart funne. Så i ettertid kan ein seie at stor-akkaren i Toppsundet nok heller skulle hamna i sprittanken på Tromsø Museum.

Nokre år seinare var det og eit anna nifst møte med ein kjempeblekksprut lenger ut i Toppsundet, ved Vaskinnkviga, eit skjær som ligg utfor Vaskinn. Eg kan dessverre ikkje tidfeste hendinga nøyaktig, men informantane mine meiner det må ha vore på slutten av 1920-talet ein gong. Det var gamlejordmora på Vaskinn, ho Nikoline Johansen (1880-1960), som var ute for denne hendinga. Eg hørde sjølv at ho fortalde om det i min ungdom. Det var forresten ho som tok imot meg då eg kom til verda, til liks med ein heil generasjon av andre grytværingar. Ho var eit skjefte kvinnfolk som hadde røynt litt av kvart i jordmorskyss i all slags vør og føre både til lands og til vanns. Ho var ofte på sjøen og fiska på eiga hand. Så var det ein sommardag at ho var ute ved Vaskinnkviga og dorga småsei at ho bar i noko ofseleg stort. Ho trudde først at ho var fast i botnen, men kjente snart at det var liv der nede, noka ho og til fulle fekk sjå då ho kika over ripa. «Det levde over alt neri havet», minnest eg at ho sa. Ho vart så redd at ho heiv heile dorga på havet og spreng-rodde til lands. Det må ha vore ei skremmeleg oppleving, for etter denne hendinga gjekk det lang tid før ho Nikoline våga seg på sjen att åleine.

#### Sluttbetraktningar

Det er kanskje nokre som vil stilla seg noko tvilande til at ein kjempeblekksprut verkeleg skulle kunna gå til åtak på ein mann i robåt. Men i dette tilfelle meiner eg at saka er så godt dokumentert og tidfesta at det neppe kan vera grunn til tvil. At blekkspruten rak i land på Forr (der eg vaks opp), er så godt kjent i alle detaljar at det er å rekna som eit faktum. Det einaste ein kan spørja om, er om han Hagen Jensen kan ha dikta opp heile historia om bataljen med storakkaren. Men han var kjent som ein sær truverdig og ærleg kar, så det synest lite truleg. Det talar og sterkt til hans forsvar at han, etter det folk sa, fortalde om hendinga alt same kvelden då han utsliten og skjelven kom i land på Forr. Altså før blekkspruten dreiv i land og før nokon visste om han. Det har dessverre ikkje vore mogleg å finna avisoppslag eller andre skriftlege nedtegningar frå samtida om denne hendinga, så informasjonen min bygger berre på munnlege overleveringar som eg har direkte frå folk som levde på denne tida og som sjølve såg blekkspruten. Dette var ærlege og truverdige menneske, og alle omstende kring hendinga og den direkte overleveringa av henne, er derfor så overtydande at eg meiner sanninga i forteljinga er heva over ein kvar tvil. Derimot er det uråd å seia noko om bakgrunnen for åtaket. Kanskje blekkspruten var på matsøk og mistok båten for ein småkval? Det er eit spørsmål av det slaget som vi sjølv sagt aldri vil få svar på.

Ein kan og undre seg over kvifor to slike hendingar skulle finne stad nettopp i Toppsundet, og kvifor ikkje slike direkte møte med levande kjempeblekksprutar også er kjent frå andre stader på kysten. Det er

såleis langt mellom observasjonar av kjempeblekksprut langs kysten, og dei som er kjent, dreier seg berre om daude individ som har reke i land. I Trondheimsfjorden er det er gjort i alt fire slike funn av stranda kjempeblekksprutar, og dessutan to funn frå Hemne, like utanfor innlaupe til fjorden. Karakteristisk for Trondheims-fjorden er at han er djup og utan nokon markert terskel i innlaupe, slik at vatnet kan strøyme lett inn frå djuphavet utanfor. Det same kan seiast om Toppsundet og Vågsfjorden. Der er det og kort veg til feltet utanfor Andenes, der Egga stuper bratt ned til djuphavet på fleire tusen meter der kjempeblekkspruten held til. Ein kan derfor tenka seg at slike geografiske tilhøve kan vera noka av grunnen til at kjempeblekksprutane nettopp skulle dukka opp i Toppsundet til liks med i Trondheimsfjorden. Det kan og nemnast at kjempeblekkspruten er hovudføda til kaskelottkvalen, som kan dukka ned på store havdjup og halda seg nede i opptil ein time. Det var såleis vanleg å finna ferske restar av blekkspruten i mageinnhaldet av denne kvalen i den tida ein fanga han. Sår og merke etter sugeskålene til blekkspruten var og vanleg å finna på kaskelottkvalen, og vitnar om dramatiske kampar på liv og død mellom desse kjempene nede i djupet. Kaskelottkvalen er vanleg i sommarhalvåret i farvatna utanfor Andøya, noko som har gjeve opphav til kval-safariane som no vert drivne der ute. Så indirekte er det førekomstane av kjempeblekksprut der ute som er det eigentlege biologiske grunnlaget for denne nye turistnæringa.

Det vantar elles ikkje på skipperskrøner og skildringar om fabeldyr i havet både frå inn- og utland. Soga om Midgardsormen frå Edda-diktinga og skildringar av sjøormen frå mellomalderen og seinare, er gode døme på dette. Det var forresten ein truverdig gammal fiskar i heimbygda mi som var overtydd om at han hadde sett sjøormen. «Buktene av kroppen som stakk opp av sjøen, var å sjå til som kaggar på eit notsett», sa han. Kan det tenkast at det har vore ein kjempeblekksprut som låg og vaka og bukta seg i havskorpa han hadde sett? Det er elles nøgda med røvarhistorier om seglskip og andre store båtar som skulle ha vorte angripne av kjempeblekksprutar som hala både folk og skip ned i havet. Mesteparten av desse skildringane er truleg fri fantasi, men funn og observasjonar av kjempeblekksprutar kan truleg ha gjeve næring til slike fantasiar. En spesiell norrøn variant av dette er segnene om Kraken (eller Krakjen), som skulle vera eit digert havuhyre som fiskarane kunne råka på når dei var ute og fiska. Det var Bergens-bispen Erik Pontoppidan (1698-1764) som først skreiv om dette i «Det første Forsøg på Norges naturlige Historie» (København 1752). Her skildrar han Kraken som «det allerstørste monstrum marinum». Når fiskarane opplevde at fiskereiskapen kunne botna berre halvveges ned til den vanlege djupna på ein tilror, skjøna dei at det var Kraken som låg under båten. Der var det alltid godt om fisk, så fiskarane var nøgde og heldt fram med fiskinga medan dei nøye vakta

på om djupna heldt seg stabil. Men om dei merka at det byrja å grynne, skjøna dei at no var Kraken i ferd med å letta på seg. Då måtte dei straks avslutta fisinga og berga seg til lands det snøggaste dei kunne. Slike beretningar er velkjente frå mange nord-norske segner og eventyr. Men det er ei anna soge.

Som nemnt, er det no lenge sidan sist det var innsig av akkar på kysten, utan at vi veit noko sikkert om årsakene til det. Det er somme som meiner det kan ha samband med at akkaren med sitt godt utvikla sansesystem, reagerer på akustiske signal frå sonar, ekkolodd og andre navigasjons-system som i dag har utstrekt bruk både i fiskeflåten og andre båtar og skip. Det same er antyda om seismisk oljeleiing, men det er ingen som har studert dette skikkeleg. Andre meiner at endringane kan skuldast høgre havtemperatur som følgje av den seinare tids klimaendringar. Men om dette var grunnen, skulle ein venta at akkaren berre ville flytta lenger nordover, og det er det ingen observasjonar som tyder på. Atter andre meiner at mindre tilgang på mat i havet kan vera grunnen, men med dei rike fiskebestandane vi har i dag, synest heller ikkje dette særleg truleg. Så førebels får vi slå oss til ro med at vi ikkje kjenner grunnane til at akkaren stort sett er blitt borte på kysten, og at vi derfor heller ikkje kan seie noko om når eller om han kan koma att.

Kjelder.

- Bakken, T. 2008. Kjempeblekksprut i Trondheimsfjorden. Aktuelt, NTNU Vitenskapsmuseet, Trondheim. <https://www.ntnu.no/vitenskapsmuseet/kjempeblekksprut>.
- Broch, H. 1954. Blekksprut. Fauna 1954, 145-154.
- Eriksen, A. 1999. Stor-akkaren. I: Sagt og Gjort. Lokalhistorisk hefte frå Grytøya. (K. Heide og A. Varmedal, red.).
- Havforskningsinstituttet – Temasider. 2017. Akkar. <http://www.imr.no>.
- Moen, F. E. 2008. Dyreliv i havet, 5. utgåve. KOM Forlag, Oslo.
- Storm, V. 1897. Om 2 udenfor Trondhjemsfjorden fundne kjæmpeblækspruter. Naturen 21, 97-102.
- Sundt, O. 1945. Skårungen, 2. utgåve. Fabritius & Sønners Forlag, Oslo.

*Ola Mikal Heide er pensjonert professor i botanikk ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (tidlegare Norges landbrukshøgskole), 1432 Ås. Han vart fødd på Forr på Grytøya i 1931 der han voks opp og budde til han reiste ut som tjuetåring.*

## Kommunereform og regionreform – hva er vitsen?

Av Leif Arne Heløe

*Artikkelen er en redigert utgave av foredrag på Pensjonistuniversitetet i Harstad, Trondenes historiske senter 23. april 2017*

Solbergregjeringens forslag til kommune- og regionreformer med kommune- og fylkessammenslutninger (Meld. St. 14 (2014-2015) og Meld. St. 22 (2015-2016)) er blant de store stridsspørsmålene foran høstens stortingsvalg. Striden får ekstra næring fordi sakene tidsmessig faller sammen med andre omlegginger innenfor offentlig virksomhet – eksempelvis politireformen med nedleggelse av lensmannskontorer, flytting av forsvarsbaser og omlegginger innenfor Nav og helseforetakene. På toppen kommer nedleggelsen av postkontorer og stopp for lørdagsposten. «Formålet med Posten er ikke å gå med overskudd, Posten skal gå med posten», var det en som skrev i avisen. Men begrunnelsen for reformene er grei nok: Forvaltningen må tilpasse seg endrete kommunikasjonsformer, folkeflyttinger og nye oppgaver.

Denne artikkelen diskuterer kommune- og regionreformene og redegjør for den historiske utviklingen av kommunalforvaltningen i Norge. Avslutningsvis lanseres et alternativt forslag til styringsmodell for mellomnivået (region-/fylkesnivået).

### «I begynnelsen var småkommunene»?

I debatten synes det som om mange tror at «i begynnelsen var småkommunene», og at de derfor tilkommer varig vern. Slik er det ikke. Snarere var storkommuner regelen da formannskapslovene ble vedtatt 1837 og landet ble inndelt i 392 kommuner. Inndelingen var basert på prestegjeld. Men allerede fra 1850-årene startet oppsplittingen i mindre enheter. Da Kommuneinndelingskomiteen av 1946, den såkalte Scheikomiteen, startet sitt arbeid, var kommunetallet på landsplan vokst til 744. Da komiteen avsluttet sitt arbeid i 1963, var antallet redusert til 455, og er senere redusert med ytterligere 27 til dagens 428 kommuner. Området som i dag utgjør Troms fylke, var fra starten inndelt i 12 kommuner som med årene frem til Scheikomiteens tid, ble splittet opp til 35. Som følge av komiteens arbeid – og sammenslutningen av Bjarkøy og Harstad fra 2013 – er dagens kommunetall i Troms 24 – før resultatet av nåværende kommunereform foreligger.

ELDAR HEIDE  
KRINGLEBOTN 120  
5225 NESTTUN

B



Returadresse: Skjærvegen 30, 9404 Harstad

## Håløygminne

Harstad

er einaste lokalhistoriske tidsskriftet for heile Nord-Noreg. Skriftet kjem ut med 4 hefte om året. Det har stoff om nordnorsk historie, om folkeminne og tradisjon m.m. I blant har «Håløygminne» gitt ut særskilde tilleggssøker som tingarane har fått utan ekstra kostnad.

Årspengane er kr 200,- (frå 01/01-2014). Alle bibliotek kan tinge skriftet gjennom Norsk Bibliotekforenings Tidsskriftformidling til noko redusert pris.

Tidsskriftet blir sendt inntil mottakaren seier opp abonnementet.

Vidkunn Eidnes har ansvaret for skriftet.

Adresse for Håløygminne: Skjæravn 30, 9404 Harstad

E-post: v.eidnes@frisurf.no - Bankgiro 4760.05.11404.

Org.nr.: 996 629 570 - Håløygminne på internett: [www.hminne.no](http://www.hminne.no)

Ekspedisjonen har framleis dei fleste av hefta etter 1963 for sal, likeins register for tida 1920-44 og 1945-2004 og ein del særprent.

Ved å vende seg til ekspedisjonen kan ein få opplysning om prisane m.m.

**Inntil vidare sel vi eldre årgangar til «gje-bort-pris»!**

### Innhald i dette heftet:

Ola M. Heide:	Storakkaren i Toppsundet .....	s. 33
Leif Arne Heløe:	Kommunereform og region-reform – hva er vitsen? .....	s. 43
Eivind Bråstad Jensen:	Noen trekk i utviklinga av lærerutdanning for samisk skole .....	s. 54

